# ÅRSPLAN 2023/2024



BOKN BARNEHAGE

# INNHALD


| | |
|---|---|
| Velkomen til Bokn Barnehage | 3-4 |
| Generell huskeliste | 5 |
| Vårt Satsningsområde | 6-7 |
| Barns medverknad | 8 |
| Rammeplan for barnehagar med dei syv fagområda | 9 |
| Kommunikasjon, Språk og tekst | 10 |
| Kropp, bevegelse, mat og helse | 11 |
| Kunst, kultur og kreativitet | 12 |
| Natur, miljø og teknologi | 13 |
| Etikk, religion og filosofi | 14 |
| Nærmiljø og samfunn | 15 |
| Antall, rom og form | 16 |
| Sjuke barn i barnehagen | 17-18 |
| August – tilvenning – min bildevegg | 19-20 |
| September - bursdagsfeiring - brannveke | 21-22 |
| Oktober – snakkepakken –Vere samen - | 23-24 |
| November – førskulegruppa – Trafikktryggleik | 25-27 |
| Svarslipp for romjulen | 28 |
| November kalendar | 29 |
| Desember – jul i Bokn Barnehage | 30-31 |
| Januar – foreldresamarbeid - vedlikehold | 32-33 |
| Februar – Karneval - samedagen | 34-35 |
| Mars – planlegging / dokumentasjon – leik | 36 |
| Svarslipp for påsken | 37 |
| Mars kalender | 38 |
| April – Påske, barn med nedsatt funksjonsevne – minoritetsspråklige barn | 39 |
| Svarlapp for sommarferie | 40 |
| April kalendar | 41 |
| Mai – 17. mai – mobbeadferd i barnehagen | 42-43 |
| Juni – Friluftsveka - sommarfest – skogen vår – Overgang innad i barnehagen | 44-45 |
| Juli – Barnehagen som kulturarena | 46-47 |

# VELKOMEN TIL BOKN BARNEHAGE

Bokn Barnehage byggjer si verksemd på barnehagelova, rammeplanen og barnehagens vedtekter.
Barnehagen utarbeidar ein årsplan kvart år. Rammeplanen gir føringar på kva slags funksjon barnehagens årsplan skal ha.
Årsplanen godkjennes i barnehagens samarbeidsutvalg.

Bokn Barnehage ligg flott til i natur på Bokntunet.
Barnehagen opna 1978, og er ein kommunal barnehage som eies og driv av kommunen.

**Vi er 12 ansatte. Fordelt på:**
1 styrar, 4 pedagogiske leiarar, 7 barne- og ungdomsarbeidare/fagarbeidar

**Åpningstid:** 07.00 – 16.30

## LOV OM BARNEHAGE

**§ 1.** *Formål*

Det går fram i barnehagelova at barnehagen skal i samarbeid og forståelse med heimen ivareta barnas behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som vert forankra i menneskerettene.

Barna skal få utfalde skaparglede, undring og utforskartrang. Dei skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggjande kunnskapar og ferdigheitar. Dei skal ha rett til medverknad tilpassa alder og føresetnadar.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og være utfordrande og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeida alle former for diskriminering.

**SAMARBEIDSUTVALET**

Samarbeidsutvalet skal sjå etter at barnehagen blir drevet innanfor barnehagens vedtekter og barnehagelov og behandle årsplan.
Samarbeidsutvalet består av to foreldre representantar, to tilsette, barnehagestyrar og ein representant frå formannskapet. Barnehagestyrar og representant frå formannskapet møter som eigars representantar i samarbeidsutvalet.

**SMÅBARNSAVDELINGEN - SMÅTROLL**
Bokn barnehage er det ein småbarnsavdeling med ein grunnbemanning på 3,0 årsverk, plass til 9 barn på avdelingen.
Me legg vekt på tryggleik og omsorg, og at oppstarten i barnehagen skal vere god både for barn og foreldre.
Dette gir eit godt grunnlag for trivsel, glede og utvikling.

**MELLOM STOR AVDELING – BJØRNANE**
Bjørnane har 18 plassar og ein grunnbemanning på 3,0 årsverk.
Me har ein store lyse avdeling som vi har delt inn i små kroker. Avdelingen er tilrettelagt for leik og sosial utvikling. Avdelingen er opptatt av læring gjennom leik og organiserte aktiviteter.

**STOR AVDELING – BOKN BRUSE**
Bokn Bruse har 13 plassar og ein grunnbemanning på 2,3 årsverk.
Me ynskjer å dele inn avdelingen i små kroker. Avdelingen er tilrettelagt for leik og sosial utvikling.
Avdelingen er opptatt av læring gjennom leik og organiserte aktiviteter.

**HENSIKT MED ÅRSPLANEN**
Årsplanen skal vere eit arbeidsredskap for barnehagens personale, og eit utgangspunkt for foreldras høve til å påverke innhald i barnehagen. Den skal være grunnlag for kommunens tilsyn med barnehagen. Årsplanen skal gi informasjon om barnehagens pedagogiske arbeid til eier, politikere, kommune, barnehagens samarbeidspartnere og andre interessenter. Årsplanen skal blant anna vise korleis barnehagen arbeider med omsorg, leik, danning og læring. Det skal synleggjere korleis barnehagen arbeider med tilvenning av nye barn og ivaretar samarbeid og sammenheng med skolen.

# GENERELL HUSKELISTE

**Til ein kvar tid er det alltid mykje å huske på. Vi har laga huskeliste til dykk som vi håper er til god hjelp i kvardagen.**

- Byttetøy: Det er viktig at barna har godt med byttetøy, her er eit forslag: 2 sett klesskift, regntøy, ulldress, støvlar, overtrekks-sko hvis barnet ikkje går, utedress, tøfler, tynn lue, sko, vottar/hanskar.
  **Sjå gjennom korga jevnleg, husk å fylle på, og merke klede med navn til barna.**

- Regntøy: Husk å sjekke regntøy/dress jevnleg, og ta med hjem for vask ved behov.

- Sjuk/ fri: Send melding til avdelinga om barnet har fri, er sjuk eller kjem seinare enn kl. 0930.
  Husk 48 timarsregelen ved omgangssjuka, meir informasjon på side 17-18.

- Mat: Frukosten startar ca. kl. 08.00 og lunsj ca. kl. 11.00.
  Fruktmåltidet startar kl. 14.00, og da får alle tilbod om ei halv brødskive, før frukten kjem på bordet.
  Hovedmåltidet ca. kl.11.00.

- Informasjon: Informasjon frå barnehagen finn dykk på heimesida (bokn.kommune.no) og i årsplanen. Vi bruker også ytterdøra til generell informasjon.

- Bilde: Vi legg bilde frå barnehage kvardagen jevnleg på Vigilo. .

- Solkrem: Barnehagen har solkrem. Barna må smøras med solkrem før dei kjem til barnehagen, så smører vi utover dagen,



# VÅRT SATSINGSOMRÅDE

**Natur/miljø, Trygt og godt barnehagemiljø.**

**Natur:**
Satsingsområde natur i Bokn barnehage skal vere at alle barna skal gå på tur i nærmiljøet minst ein gong i veka. Vi deler barna inn i turgrupper. Av og til etter alder, på tvers av alder og barns medverknad. For barna frå 4 år ønskjer vi i tillegg å bruka kommunebussen for å kome oss på turar litt lengre vekk frå barnehagen. Det er positivt å komme ut i ulendt terreng, og klatre i trær for å øve opp sjølvbilde i forhold til eigen kropp. «*Barnehagen skal bidra til at barna blir glade i naturen og får erfaringar med naturen som fremjar evna til å orientere seg og vere i naturen til ulike årstider*» (Rammeplanen, 2017).

Bokn bruse (de eldste) satser aktivt å bruke naturen som å lage mat, lage gapahuk, tau-løype som barna kan balansere på i naturen. Naturen er med på å stimulere sansar, fin og grovmotorikk og sosialkompetanse. «*Barnehagen skal leggje til rette for at barna framleis skal vere nysgjerrige på naturvitskaplege fenomen, føle tilhøyrsle til naturen og gjere erfaringar med å bruke teknologi og reiskapar*» ifølgje (Rammeplanen, 2017)
Vi har ein «*kongstanke*» om å lage ein naturleikeplass med trelavvo i nærmiljøet.

**Miljø:**
Det står i Rammeplanen at bærekraftig utvikling handler om at mennesker som lever i dag får dekket sine grunnleggende behov uten å ødelegge fremtidige generasjoners mulighet til å dekke sine. Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå at dagens handling får konsekvens for framtiden. Barna skal få naturoppleving og bli kjent med naturens mangfold, og barnehagen skal bidra til at barna opplever tilhørighet til naturen.
Målet for Bokn barnehage er å bli miljøfyrtårn barnehage. Me har flotte grønsakskassar med gulrot og poteter. Barnehagen vil også satse på urter. Ressursane me får frå vår eigen kjøkkenhage vil me nytte i matlaginga. Vårt arbeid vil vere med å fremme gode haldningar for miljøet. Bokn barnehage har starta kildesortering og vil fortsette og utvide kildesorteringa.

**Trygt og godt barnehagemiljø:**
Vi vil fortsette med «Trygt og godt barnehagemiljø.» Vi har fått mykje kunnskap via Læringsmiljøsenteret og Udir. Vi vil no nytta kunnskapen i praksis ved bruk av ulike observasjonsskjema som for eksempel praksisfortellingar, samspel barn/barn, barnesamtalar 2 g./året
Vi er plikta til å sikra at barnehagebarna har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø ifølgje (Barnehagelovens § 42, aktivitetsplikt).

Vi er opptatt at leikerommet skal vere trygt og godt i forhold til det fysiske leikeopphaldsrommet. Då ønskjer me et stimulerande tema rom. Barnehagen vil fortsatt satse på gode leikekroker. Leikekrokane vil skape meir ro over leiken. Leiken blir inndelt i ulike tema-leik. Barn får stimulera sin kreativitet og fantasi gjennom leiken. Den gode og trygge leiken vil vere med å skape varme relasjonar mellom barn-barn og barn - vaksen. Når barn oppleve støttende omsorgsfulle vaksne vil det medføre trygge barn i barnehagen.

**Kompetanseutvikling:**

Bokn barnehage har jobba mykje med Re-Komp som står for «regionalt samarbeid for kompetanseutvikling i barnehage». Nå skal vi jobbe med barnehagebasert kompetanseutvikling. Vi skal samarbeide med Karmøy barnehagane og Høgskulen på Vestlandet. Kjernekomponentane vi skal jobbe med er:

- Leiing av barnehagebasert kompetanseutvikling ansvar og roller.
- Tidleg innsats, inkludere og spesial pedagogisk hjelp.
- Leik og livsmeistring.
- Gode relasjonar, danning og gruppeleiing.
- Trygt og godt.
- Kommunikasjon, språk og språkmiljø.

## BARNS MEDVERKNAD

Barnehagelova paragraf 3: "*Barna skal jevnleg få moglegheit til aktiv deltakelse i planlegginga og vurderinga av barnehagens verksemnd. Alle barn skal få erfare å få innflytelse på det som skjer i barnehagen. Barnas synspunkt skal leggast vekt i samsvar med deira alder og modenhet. Barna skal ikkje øvelata ansvar dei ikkje er rusta til å ta."* Bokn Barnehage skal ta hensyn til barns alder, funksjonsnivå, kjønn, sosiale, etniske og kulturelle bakgrunn. Vi skal tilretteleggje for at ulike individ, minoritetsspråklege barn og barn med nedsatt funksjonsevne skal møtas med respekt for at dei er forskjellige.
Dersom barnet skal oppleve at det å utrykke seg er viktig må dei bli møtt med anerkjennelse for eigne tankar og meningar.

Målet i Bokn barnehage er at alle barna skal oppleve å bli sett, høyd og tatt på alvor ut fra egne forutsettinger. For å gjennomføre det må vi:

- Sjå kvart enkelt barn og gi det anerkjennelse for eigne tankar og meningar.
- Ta barna med i planlegginga.
- Fremje positive handlingar som virkar mot avvisning, mobbing og vold.
- Tilrettelegge for godt foreldresamarbeid.
- Ansatte skal ivareta barna, skape inkluderande miljø og arbeide for at dagens barnehagebarn verken opplever å bli krenka eller kjem til å krenke andre i morgon.
- Gi barn som kommunisere på annleis måte enn tale, rette til å gi uttrykk for sine synspunkter på eigne vilkår.

Eksempel på praktisk gjennomføring:

- Alle barn og foreldre skal bli møtt kvar morgen og ettermiddag.
- Stille åpne spørsmål der barna kan påvirke beslutningar.
- Tar hensyn til barnas interesse og forslag.
- Bursdagsbarnet får velje lunsj ut frå ein bursdagsmeny på avdelinga for dei store barna.
- Banking time.

**LIKESTILLING OG LIKEVERD (Rammeplanen)** Likestilling mellom kjønnene skal gjenspegle i barnehagens pedagogikk. Barnehagen skal fremje likeverd og likestilling uavhengig av kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, etnisitet, kultur, sosial status, språk, religion og livssyn. Barnehagen skal motvirke alle formar for diskriminering og fremje nestekjærlighet. Personale må reflektere over sine eigne haldningar og for best mulig å kunne formidle og fremje likeverd og likestilling.

## RAMMEPLAN FOR BARNEHAGER MED DEI SJU FAGOMRÅDA

De sju fagområda er:

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, rørsle, mat og helse
- Kunst, kultur og kreativitet
- Natur, miljø og teknologi
- Etikk, religion og filosofi
- Nærmiljø og samfunn
- Mengd, rom og form

Nokre sitat som beskrivar barnehagens mandat og innhald:

Barnehageeigar og alle som arbeidar i barnehagen, skal saman bidra til å oppfylle målene og kravene i rammeplanen med utgangspunkt i sine erfaringar og sin kompetanse. Barnehagens verdigrunnlag skal formidlas, praktiseras og opplevas i alle delar av barnehagens pedagogiske arbeid.

Rammeplanen tar utgangspunkt i et heilhetssyn på barn. Barn undrar seg, stillar spørsmål, søkar opplevelse og gjer erfaringar på eigne læringsarenar. Omsorg, danning, leik og læring i småbarnsalder formar barns haldninger og verdier. Barna får tillit til seg sjølv og andre mennesker. Dette motiverar for læring seinare i livet også kalt danningsprosessen. Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og leikens eigenverdi skal anerkjennast.

Barnehagen skal anerkjenne og ivareta barndommens eigenverdi. Å bidra til at alle barn som går i barnehage får ein god barndom preget av trivsel, vennskap og leik, er fundamentalt. Barnehagen er også ein forberedelse til aktiv deltakelse i samfunnet og bidrar til å leggje grunnlaget for eit godt liv.
Barnehagen skal bidra til at alle barn føler seg sett og anerkjent for den dei er, og synliggjere den enkeltes plass og verdi i fellesskapet. Barna skal få oppleve at det finnes mange måtar å tenke, handle og leve på.
Barnehagen skal fremje likeverd og likestilling uavhengig av kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, etnisitet, kultur, sosial status, språk, religion og livssyn.

Barnehagen skal være eit trygt og utfordrande stad der barna kan prøve ut ulike sider ved samspel, fellesskap og vennskap. Barna skal få støtte i å meistre motgang, håndtere utfordringar og bli kjent med eigne og andres kjensle. Om eit barn opplevar krenkelsar eller mobbing, må barnehagen håndtere, stoppe og følge opp dette.
Rammeplanen sier at progresjon skal klargjere og dokumenterast i barnehagen. Vi har laga ein progresjonsplan som omhandlar fagområda. Arbeidet med fagområda må tilpassas barnets alder, interessar, barnegruppas sammensetning og øvrige forutsetningar. Lærestoff, arbeidsmåtar, utstyr og organisering må leggjes til rette med tanke på barnas ulike behov.

## **Kommunikasjon, språk og tekst.**

**Dette seier ny rammeplan om fagområdet språk:** Dei tilsette skal skape eit variert språkmiljø, eit mangfald av kommunikasjonsformer og dialektar. Barnehagen skal bidra til at barn leiker med språk, symbol og tekst gjennom bruk av rim, regler, litteratur og tekstar frå notid og fortid. Barna skal oppleva tekstar og fortellingar som kilde til estetiske opplevingar, kunnskap og refleksjon. Ved å arbeide med kommunikasjon, språk og tekst skal barnehagen bidra til at barna utrykker følelsar, tankar og meningar. Barna skal vidareutvikle begrepsforståinga gjennom eventyrforteljing, segn og skriftlege språkutrykk, til dømes leikeskrift. Barnehagen skal bade barna i språkstimulerande aktivitetar.

| 1 til 2 år | 2 til 3 år | 3 til 4 år | 4 til 5 år | 5 til 6 år |
|---|---|---|---|---|
| Spontan å vere tilstades og speile barnet. Lese barnet sitt kroppsspråk og bruke begrepar på daglegdagse ting og gjeremål. Lese barnet sitt verbale og nonverbale kropps – språk. Samtale og turtaking.<br>Leike på golvet med daglegdagse aktivitetar.<br>Regler og sangar med og uten konkretar/bevegelse.<br>Lytte til sang og musikk<br>Korte fortellingar.<br>Eventyr med konkretar.<br>Felles opplevingar, sansing, erfaringar og gjenkalling gjennom turar, drama, eventyr m.m.<br>Rettleiande autoritative vaksne.<br>Få kjennskap til følelses - utrykk, glad, sint , lei seg ved bruk av konkretar og biletbøker. | Snakke om fargar og former ved bruk av puslespel. Bruke tøysevers, og leike med språket.<br>Felles opplevingar, sansing, erfaringar gjennom turar, drama og eventyr.<br>Være i dialog/samtale i leik og organiserte aktivitetar<br>Vidareføre samtalen ved bruk av refleksjons-spørsmål og bøker/bilde. Rettleiande vaksne.<br>Mykje bruk av biletbøker, og innføre bruk av iPad på lavt nivå med sangar og puslespel.<br>Rolleleik, film og sangleiker<br>Snakke om, å gjere barna bevisste på følelsar.<br>Lære turtaking.<br>Kims lek – barna seier tinga dei skal huske. | Snakke om kvifor barna følar som dei gjer….<br>«tror du at det kan væra Slik at ….? Eller»… gi eksemplar så barna kan læra å utrykkje seg…<br>For å forstå andre må ein forstå seg sjølv …(Pål Roland ved senter for adferdsforkning).<br>Rim og regler, og språkleiker/leik med ord er viktig i denne alderen. Bruk faktabøker: om dyr, om plantar om forskjellige folkeslag og andre kulturar<br>Innføre bokstavar og bruk av telle-regler. Tall og begrepsforståing rundt dem.<br>Oppdaga og fylgje opp det barna er opptekne av…..og vidareføre det gjennom bevisst bruk av ord og utrykk. | Utforske dialekter, lese bøker på norsk og nynorsk.<br>Lytting, lære om inkludering.<br>Alle skal verte høyrt…<br>Innføre barnas stol:<br>Bare den som sit på stolen får lov til å snakka, Dei andre lyttar – her er det viktig med gjenkalling «Kva fortalte Per nå?»<br>Ha barnemøter der barna bestemmer tema, og kva som skal snakkast om.<br>Ta i vare interessa for bokstavar, og la barna få lov til å forme ord om dei ønskjer. Legg til rette for leikeskriving og produsera rim: bil - pil osv. kategorisering.<br>Sette ord på situasjonsavhengig språk:<br>F.eks. ein telefonsamtale.<br>Bruka musikk som utrykksform og glede, og sette ord på kva musikk gjer med oss. | Oppmuntre til leik med språk, rim og regler. Utforske og leike med skriftspråket.<br>Samtale ein til ein, i små grupper og i samlingstund.<br>Barna skal læra å framheve eigne synspunkt, grunngi eigne val. Lytte og undre seg…<br>De skal også læra å filosofera og reflektera<br>om eit tema. Dette må gjerast ved jamnlege samtalar med dei vaksne som styrar diskusjonen.<br>Barnehagen skal bruka desse formidingsformene: bøker, sangar, bilde, musikk, Ikt.<br>Repetisjon av dagens hendingar og opplevingane barna har av dei. Det same kan ein gjere i samling dagen etter.<br>Dokumentasjon. |

## Kropp, rørsle, mat og helse.

Rammeplanen seier m.a.: Barnehagen skal bidra til at barna opplever trivsel, glede, meistring og får allsidige rørsleerfaringar, og blir kjende med eigne behov. Dei skal utvikle motoriske ferdigheiter, kroppskontroll, koordinasjon og fysiske eigenskapar, og få kjennskap til menneskekroppen og korleis han virkar. Barna skal lære om variert kosthald og hygiene, mellom anna om kvifor det er viktig å vaske hendene ofte., (prosjekt «reine hender»)

| 1 til 2 år | 2 til 3 år | 3 til 4 år | 4 til 5 år | 5 til 6 år |
|---|---|---|---|---|
| Sangleikar.<br>Sansetrening med lukt, smak, berøring, høyre, sjå med vidare.<br>Motoriske utfordringar på uteområdet og bevegelsar på ulikt underlag – gras, grus, asfalt.<br>Turar i nærområda.<br>Oppfordre til å klare ting sjølve (Til dømes ta på tøflar, kle på med vidare).<br>Handvask før måltida.<br>Variert, sunn mat.<br>Vask av hender før mat.<br>Tilretteleggje for ro og kvile.<br>Lære navn på kroppsdelar<br>Tilby finmotoriske aktivitetar, teikne, pusle, male med vidare.<br>Skape god stemning rundt bordet ved måltid, og bruka roleg dempa stemme - skapa fellesskapsfølelse. | Danse etter musikk, og bruke rytmeinstrument. og<br>Bruka gymsal/hallen<br>Lengre turar i skog og mark.<br>Varierte aktivitetar som stimulerer både grov og finmotorikk.<br>Delta i - av og påkledning<br>Øve på å kaste ball.<br>Klippe, lime og perle med store perler.<br>Vera med å laga mat, og få kjennskap til kvifor ein skal eta sundt.<br>Sykle på trehjulsykkel,<br>Drikke av vanleg kopp<br>Dotrening.<br>Skapa god stemning rundt bordet ved måltid, og bruka roleg dempa stemme.<br>Ved måltida skal det skapast fellesskapsfølelse. | Gå i gymsal og ha varierte aktivitetar som ball-leik, hinderløype, og andre aktivitetar som stimulerar grov og finmotorikken.<br>Turar i små og større grupper i skog og mark. Tilretteleggje uteleiker – hinderløyper med vidare.<br>Sykle, klatre, ballspel, paradis sangleikar. Dans og musikk, bruk av rytmeinstrument.<br>Finmotoriske aktivitetar som perling, sying, teikning, klipping og liming. Lære om god hygiene, og kor viktig det er med reine hender.<br>Læra kva sunt kosthald gjer, og kvifor det er viktig å ete riktig.<br>Øva på av og -påkledning.<br>Rydde søppel, og få forklart kva berekraftig utvikling er….<br>Så i grønsakhagen vår – lære om kretsløpet i naturen og kor maten kjem frå. | Det same som 3 og 4 åringane.<br>Lengre turar ut av barnehagen med minibussen,<br>i skogen, på fjellet, til sjøen.<br>Bruk av sparkesyklar, balansesyklar i barnehagen.<br>Vere med på måltidsaktivitetar.<br>Ein skal snakke om følelsar og kvifor vi har ulike følelsar. Når vert ein glad og når har ein andre følelsar. (Visar her til sosialkompetanse – De 10 vennebøkene).<br>Eit mål å kunna kle av og på seg sjølve. | Lengre og meir utfordrane turar -til Boknfjellet, speidarskogen og Vardafjellet…<br>Snakka om maten vi ete og kor han kjem ifrå<br>Lære meir om berekraftig utvikling, og sortera søppel –<br>Vere med på mat og måltidsaktivitetar, og snakke om maten og nytta vi har av han – helsemessig.<br>Det er viktig med god stemning rundt bordet, og at alle barna får nok tid til å kose seg med maten. |

**Kunst, kultur og kreativitet:**

Opplevingar med kunst og kultur skal leggje grunnlag for tilhøyrsle, deltaking og eige skapande arbeid. Barna skal få estetiske erfaringar som er organisert på måtar som gir høve til utforsking, fordjuping og progresjon. Barna skal støttast i eige skapande og kulturelle utrykk. Fagområdet tek for seg utrykksformar som biletkunst, kunsthandverk, musikk, dans, drama, litteratur, arkitektur og design. Barnehagen skal spegla eit mangfaldig samfunn i ulike tidsperiodar, og stimulere til nysgjerrigheit og undring. Barnehagen skal leggje til rette for, og vidareutvikle dei kreative prosessane til barna.

| 1 til 2 år | 2 til 3 år | 3 til 4 år | 4 til 5 år | 5 til 6 år |
|---|---|---|---|---|
| Få erfaring med ulike materialar gjennom å bruke den taktile sansen.<br>Tinga må væra synlege, så barna kan gi utrykk for kva dei vil ha.<br>Da skal leiker, bøker og forskjellige formingsmaterialar væra tilgjengeleg – barna visar kva dei vil ha.<br>Teikne og mala.<br>Fingermaling, ull/bomull – varmt og kaldt. Leik med vatn i basseng inne.<br>Bevegelse og dans – og begynnende bruk av rytmeinstrument.<br>Fantasi og undring ved lesing av bøker, enkle eventyr med vidare.<br>Visuelle intrykk gjennom bildebruk og film. | Få kjennskap til primær – fargane.<br>Teikning, liming og maling som utrykksformar.<br>Prøve ut forskjellige reiskap som pensel og svamp - Verte kjende med tredimensjonalt materiale som sand, plastilin og trolldeig.<br>Læra enkle barnesongar med og utan bevegelse.<br>Verte kjende med forskjellige rytmeinstrument, og klappe rytmar (vi klappar namne vårt)<br>Eventyr som instrument til dramaleik. Ha utkledningsklede lett tilgjengeleg.<br>Fantasera, samtale og syngje om det dei ser inne og ute. – og i bøker. | Kjennskap til primærfargane og blandingsfargar.<br>Jobba med 2 og 3 dimensjonale utrykk, og bruke den taktile sansen. Sansekassar…Kims lek.<br>Møta kunst ved bruk av bilde og bøker…<br>Dans, musikk, song/sangleiker og drama. Dramatisera enkle eventyr. Bruk konktetar.<br>Utkledningstøy må væra lett tilgjengeleg.<br>Opptre for andre – foreldre på festar…<br>Tredimensjonale materialar må væra lett tilgjengeleg til konstruksjonsleik.<br>Lage landskap i sandkassa, bruk av vann og sand<br>Bruke Bokn Arena til musikk og dans, og gym leiker. | Kunne primærfargane, og å blanda fleire fargar…<br>Omarbeide og skape leik med tredimensjonalt materiale.<br>Kjenna til og kunne bruka reiskapar som:<br>Saks, blyant, pensel, og verktøy i snikkarboden vår…<br>Ha samtalar om kunstnariske intrykk/utrykk – som andre har laget eller som barna har laga sjølve.<br>Oppleva glede over eiga meistring, og andre sine utrykks-måtar.<br>Å kunna gå inn i ei rolle i leik, og væra der over lengre tid.<br>Spele klassisk musikk, og gå i dialog om kva den skal utrykkje med barna.<br>Når vi er på tur: – sjå etter fine ting i naturen ,og ta dei med tilbake til barnehagen for omarbeiding i formingsaktivitet (steinar, kongler, kvistar med vidare). | Snakke med barna om arkitektur og design…bruka data for å finna estetiske inntrykk/utrykk.<br>Læra riktig grep på skrive og teiknereiskapar.<br>Gjenkalla, dyr og vekstar vi har observert i naturen ved å teikne dei når vi kjem tilbake frå turen.<br>Lytte til lydar i naturen…filosofera….<br>La barna får bruka naturen til å bygje hytte og hole.<br>Snakka om kva vi trenge for å laga ting/produkt.<br>Barna skal kunna gå inn og ut av rollar i leik, og halde på over noko tid.<br>Prøva forskjellige drama - teknikkar - skyggeteater, dokketeater, og fingerdokker.<br>Kunna enkle sangleilkar og skodespel - framføre dei for foreldra. |

**Natur, miljø og teknologi**:

Opplevingar og erfaringar frå naturen skal fremje forståing for eigenarten til naturen, og barna sin vilje til å verna og ta vare på han. Barnehagen skal leggja til rette for eit mangfald av naturopplevingar, slik at dei vert glade i naturen. Barnehagen skal og fremje evna til barna til å orientera seg i naturen og gjere dei nysgjerrige på naturvitskapleg fenomen.

| 1 til 2 år | 2 til 3 år | 3 til 4 år | 4 til 5 år | 5 til 6 år |
|---|---|---|---|---|
| Lære å finne balansen og tyngdepunktet i eigen kropp)<br>Sjå på dyr og plantar i naturen, og bruke sansane til å erfare naturfenomen/elementa.<br>Ute i ulikt vær, og dei vaksne snakkar om kva som skjer….gras, sand vann, grus, asfalt, snø og is. Det skal kjennast på, og erfarast kinestetisk.<br>Bruke songar og bøker/biletbruk<br>som vert knytt opp mot natur.<br>Små fortellingar om dyr og blomar – og vi plukkar bær og går i grønsakhagen.<br>Bruke peikebøker som stimulerer<br>Til kunnskap om naturen.<br>Introdusera iPad om dyr og blomar. | Begynne å gå turar i ulent terreng i skog og mark, og erfara korleis kroppen brukast.<br>Bruka sansane til å bli kjende med ulike naturmateriale.<br>Bøker som gjer kunnskap om naturen, og bruka iPad og PC om same tema.<br>Ulike byggjematerial og leikar som stimulerer til kunnskap om miljø og teknologi.<br>Byrja å bruka 3 hjulsykkel.<br>Friluftsveke på våren.<br>Bli kjende med dei vanlegaste vårblomane. Studera insekt og dyr i gras og trær – til dømes sommarfuglar, sniglar, biller og marihøne.<br>Oppsøkje fjøs og gardar i nærmiljøet for å bli kjende med husdyra. | Ta sjølv initiativet til å utforske yr og materialar i naturen: Greiner, buskar og trær, stein og mose med vidare.<br>Gå i ulent terreng for å mestre kroppen og reaksjoner på bevegelser i forhold til ulik grunn.<br>Bruke forstørrelsesglass til å studere insekt og ting og fenomener i naturen.<br>Kan sykle på 3 -hjulsykkel<br>Undre seg over enkle forsøk (rakettoppskyting i sandkassa – Rosinteater)<br>Bruke naturmaterialer i formingsaktivitet – stein, greiner og blader.<br>Klatre i trær på tur i skogen – gå til strand og vann og utforske fjæra. Ta med naturmaterial tilbake til barnehagen og gå på PC for å finna ut meir.<br>Lære om nyare teknologiske oppfinningar og system til dømes innan trafikk og IKT. | Sortere søppel og få kunnskap om kva som må til for å bevare naturen – berekraftig utvikling.<br>Verte merksam på metrologiske fenomen, og innhente informasjon om jordkloden og universet.<br>Bruk av PC under veiledning av vaksine.<br>Vi eksperimenterer med naturmateriale.<br>Bli kjende med dei ulike årstidene, månadane og vekedagar…<br>Vi besøker gardsbruk i nærmiljøet og får sjå på lamming. Vi får sjå på mjølking av kyr med vidare.<br>Søppel vert gravd ned i jorda, og for å sjå om det vert brote ned til jord. Vi sjekkar på den same plassen etter nokre veker, så etter nokre månader med vidare – det gir kunnskap om nedbryting, og materiale vi ikkje må kaste i naturen. Vi snakkar om berekraftig utvikling. | Mykje likt som tidlegare, men vi lærer barna å undre seg…dei vaksne stiller opne spørsmål.<br>Ein undrar seg over naturfenomen med vidare.<br>Barna skal komme med idèar sjølve på kva som kan eksperimenterast med.<br>Fylgje med på eit tre gjennom dei 4 årstidene for å studera forandringane.<br>Lære barna om havet og dei dyra som lever der. Snakke om fisk og skalldyr som vi eter, og lære barna å like fisk.<br>Her flettast inn kva vi må gjere for å bevare hava, og problemstilling om plast i naturen.<br>Filosofere over kva straum er, kor kjem det ifrå og kva brukar vi det til. |

## Etikk, religion og filosofi.

Dei vaksne skal formidle fortellingar og gi barna opplevingar, slik at dei får grunnleggande kjennskap til verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon. Samstundes skal dei også bli kjende med andre religionar og livssyn, og læra seg å reflektere over livssynsmessige og eksistensielle tema. Barnehagen skal bidra til at barna utviklar toleranse og respekt for kvarandre og for menneske med ulik kulturell og livssyns bakgrunn.

| 1 til 2 år | 2 til 3 år | 3 til 4 år | 4 til 5 år | 5 til 6 år |
|---|---|---|---|---|
| Dei vaksne sine verdiar må speilast i kroppsspråket deira (Gode rollemodellar).<br>Særleg er andletsuttrykk viktig i denne alderen.<br>Stemmebruk skal vere vennleg og lav i volum.<br>Opplæring i bordskikk, og det å vente på tur – takke for maten.<br>«kan du gi meg» sende til kvarandre.<br>Gi positiv respons på gode handlingar. Utforske, undre og filosofere – særleg ute og på tur.<br>Advent: Begynnende informasjon om jul gjennom julespel, lystenning og sang om tema.<br>Forut – kafè, opplæring frå andre kulturar.<br>Synge songar som handlar om å ta vare på kvarandre og vennskap.<br>Lære barna å bruke ord i framfor handling.<br>Positiv stemning på avdelinga. | Oppmerksomheit om konsekvens av handling. Bruk av bøker i forhold til tema – mye bildebruk.<br>Autoritativ grensesetting.<br>Fortellinger frå bøker som handlar om filosofiske spørsmål, og humanetiske verdiar.<br>Bruke bilder, fortellinger og forklara rundt temaene jul og påske, fastelavn og pinse = våre tradisjoner generelt.<br>Presten kjem til påske med flanellograf. Visuelle virkemidler og sanger om tema.<br>Vi vil lære om ord som toleranse og respekt osv.<br>Forut – fortellinger frå andre kulturarv. Kyrkjebesøk for de eldste.<br>Utforske , undre og filosofere i samlingsstund og ute på tur. | Respektere kvarandre sine grenser – det som er greit for nokon – kan verte feil for andre…..gi eksemplar.<br>Markera FN – dagen, og bruke plakaten om FN`s barnekonvensjon i forhold til forståels av menneskeverdet. (Alle er født like…)<br>Bruke flagga til dei nasjonane som er representerte i barnehagen.<br>Trene på høflegheit mot kvarandre, og læra å takke for maten, spørja fint om å få meir med vidare<br>Bruka fortellingar, bøker og bilete som går på sosialkompetanse slik som å hjelpe kvarandre – gjere andre glad…og ha respekt for andre måtar å væra på, og å kle seg på med vidare.<br>Fortellingar og bilde frå diverse litteratur. Det er viktig å gjenkalla i denne aldersgruppa. – Undring rundt tema…»hva tenkjer du/dykk om…» med vidare. | Bruka pedagogikken hjå raude og grøne tankar….<br>Dei vaksne skal snakka om følelsar, og kvifor vi følar forskjellig.<br>Dei kristne grunnverdiane skal kome fram i desse samtalane - ærligheit, likeverdigheit og tilgivelse.<br>Markering av nasjonaldagen vår, og for dei barna som er representerte med andre nasjonalitetar<br>Lære barna kva omsorg og empati er – bruke andre ord og forklaringar.<br>Utforska, undre seg og filosofera rundt eksistensielle spørsmål.<br>Få hjelp til å finna bøker på barna sitt nivå om tema på biblioteket. | Besøk på sjukestova.<br>Gamal og ung – filosofi.<br>Bli kjent med kirka utenom høytid, gå på besøk og se på alle symbola inne. Der kan vi undre oss og filosofere.<br>Om vi går vidare til kirkegården, kan vi undre oss litt.<br>Delta i gudstjeneste før jul.<br>Forut – vi hjelper barn i andre land ved å delta i innsamlingsaksjonen – empati, solidaritet.<br>Samtale med presten når han kjem til påske, filosofere i lag med han. Stille spørsmål og undre oss i lag med han/henne.<br>Bruk av internett og iPad i undring om eksistensielle spørsmål. (Ein vaksen skal alltid vere til stades.) |

## **Nærmiljø og samfunn:**

Barnehagen skal bidra til at barn møter verda utanfor familien med tillit og nysgjerrigheit. Barn skal medverke i å utforske og oppdage nærmiljøet sitt gjennom forsking, opplevingar og erfaringar når dei går på turar i nærmiljøet. Barnehagen skal gje kunnskap om lokale tradisjonar og yrke slik at barna kan oppleve tilhøyrsle til lokalmiljøet. Barna skal få kjennskap til ulike levemåtar og familieformer og få gryande kjennskap til menneskerettane gjennom barnekonvensjonen.

| **1 til 2 år** | **2 til 3 år** | **3 til 4 år** | **4 til 5 år** | 5 til 6 år |
|---|---|---|---|---|
| Vi går små turar i nærmiljøet, og fortel om kva slags hus og institusjonar som finnes.<br>Til dømes kor barna bor, butikken, fjos med vidare.<br>Barna skal får kjennskap til korleis barn i andre land har det ved forteljingane i Forut – aksjonen. Vi ser på film frå dei ulike landa, og forklarar korleis dei lever til dømes kva dei et med vidare. Vi forklarar barna om den lokale kulturen ved at kyr og sau er i nærmiljøet – og vi ser båtane som ligg på sjøen og fiskar……..<br>Det gjennomførast tradisjonar i barnehagen som sommarfest, nissemarsj og foreldrekaffe. | Vi går tur i nærmiljøet og vert kjende med kva som er rundt oss. Barna vert trygge på omgivnadane. Vi går på bondegårdsbesøk. Barna får sjå livet på garden.<br>Vi går til turstien, og vert kjende med skog og mark i nærmiljøet.<br>Det vert jamleg besøk på biblioteket og sjukestova som ligg i nærmiljøet.<br>Vi går turar til nærbutikken og kaikanten for å sjå på båtane der.<br>Vi studerer livet i fjæra.<br>Dette gjeld for alle aldersgruppene….. | Turar til butikken, og lærer barna verdien av pengar, og kor ulike varer kjem frå.<br>Vi snakkar om ulike familiestrukurar, og at alle er like bra. Vi leser bøker om temaet. Samstundes legg vi til rette for rolleleik for begge kjønn like moglegheiter.<br>Vi feirar nasjonaldagen vår, og forklarar historia bak. Vi forklarar om dei etniske gruppene i Norge, og markere Samane sin dag.<br>Trafikkreglar lærast på tur. | Vi les bøker om korleis barn i andre land har det, og snakkar om menneskerettane og barnekonvensjonens enkle læresettningar.<br>Vi går jamnleg på besøk på dagsenteret og bringer gamal og ung saman til samtalar.<br>Vi et fisk med barna, og da får dei et lite innblikk i kulturen rundt fiskeria og havbruk. Vi går på besøk til museum i nærmiljøet.<br>Barna går på lengre turar – fjord og fjell utforskast, og dei vaksne undrar seg i lag med barna. | Vi besøker arbeidsplasser i miljøet. Her kan barna få sjå kva som foregår på dei ulike arbeidsplassane. (Helsesøster kommer på besøk)<br>Vi markerer FN dagen og snakke om barns rettigheter.<br>Vi snakkar om andre land og ulike kulturar. Vi ser på kart, film og lagar mat frå ulike land.<br>Vi hengjer opp flagg frå dei nasjonalitetane som er representerte i barnehagen<br>Barnehagen brukar bøker om forskjellige yrker, og vi går på besøk til kunstutstillingar i Haugesund.<br>Dei eldste barna vert også med på trafikkopplæring i Haugesund- trafikklys, gangfelt med vidare.<br>Besøke skulen og SFO. |

**Mengd, rom og form**.

Barnehagen skal synleggjera samanhengar, og leggje til rette for utforsking og oppdaging av matematikk i kvardagslege gjeremål. Vi skal skape eit miljø som hjelper barna i å forstå og oppdage matematikk i naturen, i teknologi og kunst og kultur. Fagområdet skal stimulera barna til undring, nysgjerrigheit, eksperimentering og gi motivasjon for problemløysing.

| 1 til 2 år | 2 til 3 år | 3 til 4 år | 4 til 5 år | 5 til 6 år |
|---|---|---|---|---|
